



DEN NORSKE KYRKJA

Sula sokn

Postboks 228, 6039 Langevåg



LysVaken

Adventsnatt i kyrkja

Laurdag 27.nov. – søndag. 28.nov.

er det LysVaken, og alle 6-klassingane er invitert.



Vi startar laurdagen kl.15.00 i Indre Sula kyrkje. Då skal vi leike, synge, ha aktivitetar ute og inne, førebu gudsteneste, ete og ha det kjekt i lag. Når kvelden kjem, søv vi over i kyrkja!

PS! Du kan vere med, og sove heime om du vil – skriv det i så fall som kommentar i påmeldinga.

Vi et frukost i lag på søndag, og gjer klar til gudstenesta som startar kl. 11.00. Heile familien din og vener er sjølvsagt også invitert til gudstenesta. Vi avsluttar med kyrkjeaffi og er ferdig ca kl.12.30



Påmelding

Påmeldinga er elektronisk og de finn link til påmeldingskjemaet på nettsida vår: www.kyrkja.no/sula.

I påmeldingsskjemaet blir også foreldre/føresette spurt om å hjelpe til med ulike oppgåver gjennom helga, som å bake pizza/kake, vere på kjøkkenet under måltid og sitte nattevakt.

Frist for påmelding er torsdag 25.11 kl.14.

Vi har plass til 45 stykker, så det gjeld å vere tidleg ute.


Når du har fått plass, sender vi meir informasjon på e-post.

**Vi gler oss til å vere saman med deg!
Helsing oss i Trusopplæringa
i Sula kyrkjelyd**



DEN NORSKE KYRKJA

Sula kyrkjelyd



STØRST AV ALT